

Frå: Kontrollkomiteen

Til: Attac Norges landsmøte 2022

## Rapport frå kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen har vore sett saman av Mads Opheim (leiar) og Kaja Sparre Bakke, med Stine Østnor som vara. Komiteen har fortløpande fått kopi av all e-post på styrelista, inkludert innkallingar til og referat frå styremøta. Komiteen har følgd tidlegare års praksis med å inkludere vara i arbeidet på lik linje med dei faste medlemmene.

Kontrollkomiteen si rolle er å sørge for at styret og organisasjonen opererer innanfor vedtekter og vedtak. Vi er også eit organ styret og kontoret kan og bør konsultere med på forhand - uttrykket *better safe than sorry* er skildrande for når styret bør spørje kontrollkomiteen om råd. Kontrollkomiteen har i denne perioden mottatt få føre-spurnader frå styret og organisasjonen, og bruker denne mogelegheita til å minne om at vi er her og både kan og bør brukast.

Problema med dei doble medlemskontingentane skil seg ut som det einaste kritikkverdige forholdet vi som kontrollkomité har registrerte den siste perioden. Her var det fleire uheldige feil som leda til at fleire medlemmar vart bede om å betale dobbel medlemskontingent til Attac. Vi er glade for at kontoret og styret har samarbeida godt om å rette opp i dette så fort feilen vart oppdaga og minner om at ein bør være ekstra merksam på dette i kommande periode så det ikkje gjentek seg.

Vi er glade for å sjå at fjorårets trend med få epostvedtak er vedvarande. Tidlegare periodar har hatt mykje av dette, og det har vore innvendt frå fleire kontrollkomitear at dette er ein uheldig praksis. Vi vil derfor gi ros til styret og kontoret for god praksis på dette feltet i denne perioden. Tilsvarande er vi glade for å sjå at referat frå styremøta i perioden regelmessig er sendt ut.

